



Årsmelding Ålvik kyrkjelyd 2020.

Grunna Covid – 19 har det vært er rart år også for kyrkja.

Mange planlagte aktivitetar har utgått eller blitt satt på vent.

I 2020 hadde Ålvik sokneråd 5 fysiske møter. Digitale plattformer har blitt benytta der det var mulig.

Medlemmar: Ragnhild Irene Nordheim, Knut Hovland, Lisbeth Henriksen, Aud Aga, Gunn Marie Aalvik, Tove Øvrevik, Solveig Botnen, Gunn Karin Øvrevik og Isak Linga.

Leiar: Ragnhild Irene Nordheim

Skrivar: Lisbeth Henriksen

Kasserar: Aud Aga

Utmeldte medlemmar i 2020: Charlotte Olsen, Jarle Garen, Øyvind Larsen, Eili Hovland.

Statistikk kyrkjelege handlingar.

	2017	2018	2019	2020
Døypte	5	5	7	1
Konfirmerte	8	8	9	9
Vigslar	0	1	1	0
Gravferd	10	12	7	7

Statistikk gudstenester.

	2017	2018	2019	2020
Gudstjeneste	18	19	22	12
<i>deltakarar</i>	1111	975	1762	330
<i>snitt pr gudstjeneste</i>	62	51	80	28
Gudstjeneste med nattverd:	5	6	5	3
<i>deltakarar nattverd:</i>			51	28
Andakt Ålvik Pensjonistheim	14	12		16
<i>deltakarar andakt</i>				
Kyrkjetreff (ettermiddagstreff)	6	6	6	1
<i>deltakarar kyrkjetreff:</i>			73	14
<i>snitt pr kyrkjetreff:</i>			12	14
kulturkveld			2	1
<i>deltakarar</i>			82	29
Syng jula inn			104	0
Konsert			47	21
Strikketreff			4	2
<i>deltakarar strikketreff:</i>			80	20
<i>snitt pr strikketreff:</i>			20	10

Gudstenester.

I 2020 vart det halde 12 gudstenester, fram møtte 330 personar. 1 av gudstenestene har vore sær s tilrettelagt for borna, og 1 av dei særleg tilrettelagt for ungdommen. 1 har vore tilrettelagt for skulelevane. Det har vore 3 gudstenester med nattverd. 1 born vart døypt. Det var 9 konfirmantar, ingen vigslar og 7 gravferder. Gravferdene hadde 338 deltakarar. Det er arrangert 8 felles gudstenester med andre sokn.

Andakter.

Det har vore 16 andaktar på Ålvik pensjonistheim ved Dag-Endre Hansen og sokneprest Lars Arne Vik. Soknerådet takkar dei for innsatsen.

Kyrkjetreff.

Det har vore 1 ettermiddagstreff med talar/foredrag, med musikk og matøkt. 14 personar deltok. Organiseringa av ettermiddagstreffa står sokneprest Lars Arne Vik for. Aud Aga har stilt velvillig opp frå soknerådet. Ein stor takk for innsatsen til begge.

Konsertar/ tilskipingar.

Jazzkonsert 4. november. 21 stk kom.

Strikketreff.

Det var planlagt 8 strikketreff i år. Grunna Koronapandemien vart berre 2 utført. Me ynskjer likevel å ta dette opp att når restriksjonane opphevas. Det har vært eit populært tiltak, og strikkeprosjekta går til eit godt formål (For tidleg født klinikken på Haukeland)

Kyrkjeleg felle råd.

Ålvik sokneråd sine representantar i Kvam kyrkjelege felle råd er Lisbeth Henriksen og Knut Hovland. Vara er Gunn Marie Aalvik og Tove Øvrevik. Sjå elles eige årsmelding for felle rådet.

Konfirmantarbeid.

Fasteaksjon 2020 var i mars.

Grunna Koronapandemien vart utgikk all bøssebæring. Heile innsamlingsaksjonen vart dermed digital. Dersom man nytta facebook-innbetalingsalternativet fekk man registrert beløpet som innsamla i Ålvik. Mange nytta vipps, og dermed kom ikkje summen fram på statistikken for Ålvik Kyrkjelyd.

Samtalegudstenesta vart halde i august. Konfirmantfest vart det ikkje i år. Konfirmantar og foreldre fekk kake og kaffi etter gudstenesta.

Det var kateketane Mampionona Andriamandimby, Marna Roer og Lina Valland, samt sokneprest Lars Arne Vik som hadde ansvaret for konfirmantundervisninga i Ålvik.

Trusopplæringstiltak.

Det har vore utdeling av 4- årsbok og 6- årsbok (inkludert førsamlingar).

Konfirmant: omtala tidlegare i årsmeldinga. Ålvik sokneråd gav konfirmantane konfirmantbibel og smykke med steinkors i gåve.

Ålvik barnekor har diverre hatt pause også dette året.

Kyrkjetenar.

Sylvi Elvatun var kyrkjetenar i 2020 . Soknerådet takkar for godt arbeid og god hjelp.

Klokkar.

Anja Øvrevik Lofthus er klokkar i Ålvik kyrkje. Ein stor takk til Anja for godt arbeide.

Frivillige.

13 frivillige medarbeidarar var engasjert i arbeidet i kyrkjelyden. Ein stor takk til alle!

Sluttkommentar.

Koronaåret 2020 har vært eit annleis år. Mange restriksjonar på om det kunne vere gudstenester, og kor mange som kunne delta dei gongane det var lov. Heldigvis har kyrkja også tenkt digitalt og alternativt med utandørs påskevandring og digitale gudstenester. Ålvik sokneråd har også skaffa seg vipps. Ålvik sokneråd ynskjer å fortsette den gode satsinga med mål om auka deltaking på dei vanlege sundagsgudstenestane. Me ynskjer å vidareføre strikketreff i kyrkja, og tilbodet om kyrkjeskys vil bestå. Me har gjennomført nokre tiltak inne i kyrkjebygget og sakristiet for å stette krava til universell utforming og auke funksjonaliteta av bygget både i forhold til trusopplæringstiltak og anna arbeid, som til dømes ein rullestolrampe og nye taklys i sakristiet.

Som et ledd i betre marknadsføring av når det skjer noko i kyrkja i Ålvik annonserast alle gudstenester og andre tilskipingar både på facebookside til «Ålvik kyrkjelyd» og «Aktuelt i Ålvik», i tillegg til oppslag rundt omkring i bygda. Grunna koronapandemien er det vanskeleg å seie om tiltaka har hatt nokon verknad.

På vegne av soknerådet, 18.02.2021

Ragnhild Irene Nordheim, soknerådsleiar.